



Professor Øyrehagen Sunde var ovrveldet av fram møtet

**Professor i rettshistorie Jørn Øyrehagen Sunde frå Uskedalen har ein ualminneleg sterk posisjon på heimebane. Annleis kan ein ikkje tolka det faktum at nær 200 møtte fram for å høyra han i kyrkja i kveld, med dei 10 bodorda som tema.**



Og tilslutt var det spørretime

Samkoma vart ein fulltreffar, og føredragshaldaren konkluderte med at menneska står overfor ein global

utfordring fordi vi har vorte verdisløve. Professoren nytta som vanleg ikkje manuskript, sjølv om han hadde eitt i lomma også denne gongen, og han heldt det gåande rundt ein time. Han imponerte igjen som ein framifrå formidlar. Det nye soknerådet planlegg fleire liknande arrangement seinare i år. Det var soknerådsleiar Svanhill Haugland som hadde ideen om det i kveld. Ho erklærte tilslutt at ho ville reise heim og lesa opp att historiebøkene etter å ha høyrd professoren. Ikkje minst påpeika han korleis bodorda har vore aktualisert i periodar med store samfunnsendingar.



[Professoren møter misjonsveteranen](#)

Her gjekk han heilt attende til Moses og Det gamle tetamente. Allereie då var det naudsynt med bestemte reglar for korleis folket skulle leva saman. Men Øyrehagen Sunde stoppa sjølvsgt lengst ved store endringar i norsk historie, og da ikkje minst ved Olav den heilage si rolle som grunnleggjar av norsk rettshistorie i 1024. Religion er eit forståingsverktøy for å plassera mennesket i samfunn med andre og dermed vert det også eit verktøy for å avgjera kva som er rett og galt i samkvemet mellom oss. Føredragshaldaren drøfta også tida etter reformasjonen og stoppa til slutt ved vår eigen tid. Her peika han på at 30 prosent av dei reglar som gjeld i Noreg ikkje er produsert her. Dette er ein konsekvens av den internasjonalisering som er på gang og stadig vert heftigare.

Det vart ein minnerik kveld i kyrkja, også musikalsk ved organisten vår, Eva Megyesi, og Ronny Lakselv, kaffeservering og spørsmålsrunde til slutt. Føredragshaldaren sa nei takk til honorar og viste til Kirkens Bymisjon som det vart samla inn gåve til.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen.